

## MELAND KOMMUNE

- 1 JULI 2019



Kartverket

MELAND KOMMUNE  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Jnr. \_\_\_\_\_ Saksh. \_\_\_\_\_  
Ark. \_\_\_\_\_ Ark.del \_\_\_\_\_  
Saksid. \_\_\_\_\_

Dykkar ref.:

Vår ref. 14648147

Dato:

Sak/dok.: 19/31642-1

27.06.2019

Ark.: 346

## Dokumenta har manglar og kan ikkje tinglysast

### Saka gjeld gnr. 23 bnr. 567, 611, 612, 613 og 614 i knr. 1256 Meland kommune

Vi har vurdert frådelingane og erklæringa de har sendt inn for tinglysing. Dokumenta har manglar som gjer at vi ikkje kan tinglyse dei.

#### Kva må til for at dokumenta kan tinglysast?

Vi visar til vedlagt erklæring. De har i punkt 2 påført at det er eigedomane bnr. 611, 612, 613, 614 og 567 som gir rett til bnr. 611, 612, 613 og 614 til vann- og avløpsleidningar. I teksten i punkt 4 framkomme det derimot at det bare er i bnr. 611, 612, 613 og 567 retten skal hefte. Det er uklart for oss om rettigheita også skal hefte i bnr. 614. Vi ber om at avgivers eigedomane i punkt 1 og eigedomane i punkt 4 samsvarar. Vi visar til tinglysingslova § 8 og tinglysingsforskriften § 4.

Vi ber også om at signaturen i punkt 6 på erklæringa blir gjentatt i blokkbokstaver slik at vi kan sjå om signatur berettiga på vegne av Boligbygg Vest AS har signert.

#### De kan fasthalde kravet om tinglysing

Sender de dokumenta inn på nytt og fastheld kravet om tinglysing utan at de har retta mangelen vi har vist til, vil vi registrere dokumentet mellombels i grunnboka den dagen vi mottok kravet. Vi kan deretter nekte å tinglyse dokumentet. Dette følgjer av reglane i tinglysingslova § 7 og § 9.

#### Praktisk informasjon

Vi sender med dette tilbake alle dokumenta. Dersom de legg ved ein kopi av dette brevet når de sender saka inn på nytt, er det lettare for oss å sikre ein effektiv saksflyt.

REKVISIT  
REKVISIT

Det er mykje nyttig informasjon på nettsidene våre [www.tinglysing.no](http://www.tinglysing.no) og [www.seeiendom.no](http://www.seeiendom.no).  
Ta også gjerne kontakt med kundesenteret vårt på telefon 32 11 80 00. Kundesenteret er ope alle kvardagar frå klokka 09.00 til 15.00. Saksbehandlar har telefon 32 11 89 98.

Venleg helsing

Lene Høibakk  
saksbehandlar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.